

Eitt minutt munter TV-reklame frå SPAR

27.10.2010



Muntert møte mellom skodespelar Jeppe Beck Laursen og SPAR-trioen Kjersti Børve, Aleksander Rebaudo og Margareth Sæle.

Dette har vore ein svært spesiell dag for SPAR i Uskedalen.
Sidan klokka 15 har eit TV-team på 10 vore igang med å lage ein reklamesnutt på mellom 40 sekunder og
eitt minutt til bruk for minst ein av dei store TV-kanalane våre, mest truleg TV2.



Reparasjon av handlekorger på SPAR i Uskedalen er litt av ein operasjon, som tre kvitkledder tar seg av! Under ligg Inger Myklebust medan Aleksander Rebaudo og Vigdis Haugland står. Til venstre skodespelar Jeppe Beck Laursen og regissør Kristian Holm Glad. Jobben vil ikkje vera gjort før midnatt. Reklamefilmen vil rulle over skjermane tidlig på nyåret og dømt utifrå to scener uskedalen.no har sett blir det ei munter oppleving, slett ikkje utan sjølvironi og neppe heilt autentisk.... 14 av dei 17 i staben er med i innslaget.

Innslaget set punktum for tilsaman 10 innslag om SPAR-butikkar og kvar av dei fortel ei historie om einbutikk som har utmerka seg på eitt eller anna vis. Grunnen til at vår butikk er plukka ut og faktisk avsluttar for serien er at SPAR Uskedalen førre året toppa tevlinga om kundeservice på landsbasis.

Skodespelar og gjennomgangsfigur Jeppe Beck Laursen (mellom anna kjent frå Hvaler som blir sendt no) slår i introduksjonen sin fast nettopp dette og opplyser at han skal finna ut kvifor. Og forklåringa er ikkje minst å finna i det som skjer eller kan skje etter stengjetid.

Tekstforfattarane Steinar Helgesen og Stian Tangen har tydelegvis laga eit manus som er til å smile av og det heile er eit samarbeidstiltak mellom reklamebyrået Siste skrik og Teddy TV, som mellom anna produserte Typisk norsk. Prosjektet har allereie vore i gang i halvtanna år og dei første 4 innslaga er sendt – i fjar høst og i vår.

-Dette har vore ein fin jobb og det er litt vemodig at han er over, seier Jeppe Beck Laursen.
- Vi har vore den same gjengen som har reist land og strand rundt og har vorte godt samansveisa.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Det er utruleg mye utstyr eitt TV-team må ha med seg for å produsera berre eitt minutt!